



Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 14.06.2016
Møtestad: Stordalen fjellstove
Møtetid: 09:00 - 09:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Utvalsleiar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Nestleiar
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Britt Inger Myhr		Arbeidstakar repr.
Ørjan Valestrand		Arbeidstakar repr.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, økonomi- og personaleleiar Kristian Moen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

- | | |
|----------|--|
| 007/2016 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 008/2016 | Godkjenning av møtebok |
| 009/2016 | Ledig 100% stilling vaksenopplæring - framandspråklege |
| 010/2016 | Omgjering av stilling ved Masfjorden legekantor |
| 011/2016 | Referatsak |
| 012/2016 | Garantiløn for tilsette med 20-års ansiennitet - ny handsaming |

007/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

AU - 007/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

008/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

AU - 008/2016 VEDTAK:

Møtebok frå administrasjonsutvalet 19.04.16 vert godkjend.

009/2016: Ledig 100% stilling vaksenopplæring - framandspråklege

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune samlar vaksenopplæring ein stad i kommunen, på Matre.

Masfjorden kommune tilset lærar i fast 100% stilling ved vaksenopplæringa.

Administrasjonsressursen vert tillagt ein av dei to stillingane i vaksenopplæringa.

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

AU - 009/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune samlar vaksenopplæring ein stad i kommunen, på Matre.

Masfjorden kommune tilset lærar i fast 100% stilling ved vaksenopplæringa.

Administrasjonsressursen vert tillagt ein av dei to stillingane i vaksenopplæringa.

010/2016: Omgjering av stilling ved Masfjorden legekantor

Rådmannen sitt framlegg:

Fast 90 % stilling som bioingeniør ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 100% stilling som sjukepleiar.

Masfjorden kommune lyser ut 100% fast stilling som sjukepleiar ved Masfjorden legekantor.

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ørjan Valestrand (Utdanningsforbundet) gjekk kraftig i mot framlegget til vedtak og saksframstillinga generelt, og la fram følgjande framlegg til vedtak:

Fast 90 % stilling som bioingeniør ved Masfjorden legekantor blir omgjort til 100 % stilling.
Bioingeniør som har 50 % stilling i dag vert tilbudt 50 % fast slik at ho har 100 % og dei 50 resterande vert lyst ut som sjukepleiar ved Masfjorden legekantor.

Rådmannen la fram forslag om å utsette saka til neste møte slik at ein kunne starte på nytt på dei punkta som det er sådd tvil om er handsama på rett måte, jf eige skriv frå tilsette frå nokon av dei tilsette på legekantoret delt ut i møte.

Utdanningsforbundet støttar rådmannen sitt framlegg om å utsette saka og trekk eige framlegg.

Framlegg til rådmannen om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

AU - 010/2016 VEDTAK:

Saka vart utsett.

011/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Det vart ikkje lagt fram referatsaker til møtet.

AU - 011/2016 VEDTAK:

012/2016: Garantiløn for tilsette med 20-års ansiennitet - ny handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn, pr. 1.5 2015 kr 377 400,-. Lokale tillegg vert ikkje lagt til lågaste grunnløn.

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Britt Inger Myhr (Fagforbundet) lag fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn pr 1.5.2015 kr 377 400,- . Lokale tillegg vert lagt til lågaste grunnløn.

Framlegg frå Fagforbundet vart samrøystes vedteke.

AU - 012/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn pr 1.5.2015 kr 377 400,- . Lokale tillegg vert lagt til lågaste grunnløn.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå administrasjonsutvalet den 14.06.16 vert
vitna:**

Karstein Totland
ordfører

Torill Torsvik Størkersen
varaordfører